# Bakgrunn, grunnlag og tiltak for eit inkluderande læringsmiljø

Peder Haug
Alta den 21. mars 2022

1

1



Å oppfylle dei høge ambisjonane i verksemda i barnehage og skule er i mange høve utfordrande og risikofylt.

Å skape inkluderande praksisar og eit inkluderande læringsmiljø er krevjande og utfallet er usikkert.

(Fritt etter Hans Jørgen Gjessing, 1969.)

FOTO: SINDRE LUNDVOLD

2




3

3

## «Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis»

- Måla med kompetanseløftet
  - Alle skal få eit godt tilpassa og inkluderande tilbod i barnehage og skule, og som gir gode vilkår for utvikling, meistring, læring og trivsel uavhengig av individuelle føresetnader.
  - For å lukkast må ulike yrkesgrupper, barnehagar, skular, PP-tenesta og andre i laget rundt barnet og eleven ha høg kompetanse og arbeide saman for å skape inkluderande fellesskap og inkluderande praksis.

4

4

## Om utgangspunktet for mitt bidrag

- Syn på leiing.
  - Jan Carlzon i SAS på 1980-talet:
    - Desentralisering/delegering av ansvar,
    - Flat struktur,
    - Større behov for leiingskompetanse enn for spesifikk fagleg innsikt i verksemda ein leier.
- Barnehage, skule og PPT er regulert gjennom nokre sentrale omgrep
  - inkludering, medbestemming, tett på,
  - tilpassa opplæring, barns beste,
  - samarbeid, trygt og godt miljø
- Styringsdokumenta definerer fleire av desse omgrepa relativt utydeleg.
  - Ofte er omgrepsforklaringa populistisk, opportunistisk og motsetnadsfylt.
  - Må til faglitteraturen for å finne klare meiningar og perspektiv.
- For på forstå notid og framtid, må ein kjenne fortida. (Fritt etter Emile Durkheim 1938.)

5

5

## Grunnlag

- Om verdiane som skal dominere.
- Litt historisk om kvifor inkluderande læringsmiljø?
- Kritisk om opplæring og spesialpedagogiske tiltak.
- Sentrale og relevante omgrep i Meld. St. 6 (2019-2020). *Tett på-tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage og skole*

6

6

## Likeverdig opplæring og sosial rettferd

- Likeverdig opplæring handlar om å gi alle like vilkår til opplæring uavhengig av evner og føresetnader, alder, kjønn, hudfarge, sosial bakgrunn, seksuell orientering, religiøs eller etnisk bakgrunn, bustad, utdanningsnivået i familien eller økonomien i heimen.
- Sosial rettferd handlar om at alle skal få dei mest optimale vilkåra til utvikling og sjølvrealisering, ut frå dei individuelle føresetnadane.
- Tre epokar
  - Formell likskap, alle får tilgang til det same tilbodet, (1739- 1954).
  - Kompensatorisk likskap, det tilbodet som gir mest effekt, (1954-1975)
  - Demokratisk deltaking, fellesskap og individuell tilpassing (integrering, deretter inkludering), (1975- )

7

7

## Tida før 1975

- Barnehagen hadde lite utbreiing
  - 1970: 3 prosent av førskulebarna i barnehage
- Idealet for arbeidet i opplæringa var generalisten
  - den enkelte læraren/fagpersonen skulle kunne og meistre alt som var nødvendig for å gje den opplæringa det var vedtak om.
  - skulen/barnehagen gav sitt tilbod, og det var opp til dei som fekk det kva dei kunne få ut av det.
  - for dei som leid nederlag (var i vanskar) var det lenge lite hjelp å få, spesialskular var unntaket
  - samarbeid mellom barnehage, folkeskule og spesialskule var sjeldan.
- 1955 kommunane pålegg om å skipe spesialundervisning.
  - oppretting av skulepsykologiske kontor som faginstansen som skulle regulere tilgangen til og innhaldet i spesialundervisninga.
  - omfanget spesialundervisning (støtteundervisning) 4000 elevar i 1950, 1960 var talet 20 000.

8

8

## Grunnskulelova og Lov om barnehagar (1975).

- Barnehagelova, den første i Noreg.
- Lova om spesialskular vart slått saman med lova om grunnskulen frå 1969 til ei ny revidert lov om grunnskulen. Regulerer også spesialpedagogisk verksemd for alle barn i førskulealder, i og utanfor barnehagen.
- Opphevar skiljet mellom opplæringsdyktige og ikkje opplæringsdyktige barn og elevar. Behovet for spesialistkompetanse auka.
- Innfører omgrepet integrering, som kom til å gjelde plassering av barn og elevar som strevar i vanleg barnehagen og skule.
- Spesialpedagogisk hjelp og spesialundervisninga skulle vere ein del av tilbodet i den ordinære barnehagen og skulen.
- Spesialskulane skulle leggast ned, men ikkje spesialbarnehagane.
- Samarbeidet er aktualisert.

9

9

## Misnøye med «integreringa»

- Kritiske område i spesialundervisninga
  - Sakkunnige tilrådinga
  - Enkeltvedtaket
  - IOP-en
  - Omfang
  - Utbytte
  - Innhald
  - Arbeidsform
  - Organisering
  - Kompetanse
  - Grunnlag



10

10

## Inkludering, Salamanca-erklæringa 1994:

- Principles, policy and practice in special needs education
- Omgrepet «Special needs education»

- Læreplanverket 1996
- Rammeplan for barnehagen 2006


THE SALAMANCA STATEMENT AND FRAMEWORK FOR ACTION ON SPECIAL NEEDS EDUCATION

WORLD CONFERENCE ON SPECIAL NEEDS EDUCATION: ACCESS AND QUALITY

Salamanca, Spain, 7-10 June 1994

11

11

## Læringsmiljøet- ulike omgrep




12

12

## Inkludering

Å auke deltaking i aktiviteten
og kulturen i barnehage og
skulen for kvart enkelt individ,
og
å minimalisere ekskluderinga
og segregeringa frå
aktivitetane og kulturen i
barnehagen og skulen.

13

13

## Kvifor inkludering?

- Ideologisk grunnlag
  - Sosial rettferd, likestilling, likeverd, fellesskap
- Historisk grunngjeving
  - Vi har prøvd ut mange ulike former for organisering av opplæringa - og har gjort erfaringar.
- Empiriske grunnar
  - Det forskinga seier om verdien av inkludering.
- Juridisk grunnlag
  - Jf. internasjonale avtalar og nasjonale styringsdokument.

14

14

## To tilnærmingar til inkluderingsomgrepet

Eindimensjonal
- Inkludering er eitt avgrensa element:
- Plassering, eller
- Fagleg læring, eller
- Fellesskap, eller
- Medbestemming, eller
- Oppleving, eller …

Fleirdimensjonal
- Inkludering inneheld mange ulike element:
- Plassering, og
- Fagleg læring, og
- Fellesskap, og
- Medbestemming, og
- Oppleving, og …

15

15

## Mange ulike forståingar av inkludering




Göransson & Nilholm, 2014

16

16

## Dekonstruksjon av omgrepet inkludering

| | Fellesskap | Deltaking | Medverknad | Utbytte |
|---|---|---|---|---|
| **Stat:** Verdi, ideologi, politikk | | | | |
| **Kommune** Organisering og vilkår | | | | |
| **Skule** Praktisk handling | | | | |
| **Elev** Erfaring og oppleving | | | | |

Haug, 2014

17

17

## Kritisk om kvaliteten på norsk skule

- OECD-evalueringa av norsk utdanningspolitikk i 1988, (OECD, 1989)
  - OECD-studien peikar på paradokset, at Noreg nytta mykje ressursar på skule, men hadde ikkje kjennskap til resultata som kom ut av dette. Det var heller ikkje utvikla system for å få slik innsikt.
- Hernesutvalet (NOU 1988:28).
  - Hernesutvalet var kritisk til kvaliteten på norsk grunnskule, og ønskte å heve kompetansenivået i landet.
- «Pisa-sjokka»
- Kritikken la eit grunnlag for å endre norsk utdanningspolitikk.
  - Utsegna frå statsråd Bjartmar Gjerde (Ap) i Kyrkje- og utdanningsdepartementet vel ti år tidlegare (1975), om at Noreg hadde det beste skulevesen i verda (Rovde, 2004, s. 99), var ikkje lenger gyldig.

18

18




19

19

## Korleis står det til med inkludering i norsk opplæring?

- Riksrevisjonen, (2010):
  - … det er en betydelig risiko for at retten til et likeverdig opplæringstilbud for elever med særskilte behov ikke oppfylles. (Riksrevisjonen, 2010, s. 15)
- Barneombodet (2017):
  - … at mange av elevene som mottar spesialundervisning, ikke får et forsvarlig utbytte av opplæringen, at de har et dårligere psykososialt skolemiljø enn andre elever, og at de verken blir hørt eller får medvirke i opplæringen. (Barneombudet, 2017, s. 7).
- SPEED-prosjektet (2017):
  - Det er liten tvil om at måten skulen arbeider på med elevane som får spesialundervisning, totalt sett ikkje fungerer tilfredsstillande. (Haug, 2017b, s. 406).
- Nordahlutvalet, (2018):
  - Det er et klart behov for at barn og unge med behov for særskilt tilrettelegging får et kvalitativt bedre pedagogisk tilbod enn det som realiseres i dag.(Nordahl m. fl. 2018. s 9).

20

20

## Hovudutfordringa i spesialpedagogiske tiltak og den inkluderande opplæringa

- Sakkunnige arbeidet
  - For lite vekt på elev-, foreldre- og lærarperspektiva. Ekspertperspektiva får dominere.
- Omfang
  - For mange får spesialundervisning (i skulen).
  - Spesialpedagogiske tiltak kjem for seint
  - Nedgang i tiltaka ved overgangane
- Utbyte
  - Utbytet av spesialundervisninga er ikkje tilfredsstillande.
- Planar (IOP)
  - IOP-en er i for stor grad ueigna som styringsinstrument, blir ikkje brukt eller evaluert.
- Innhald
  - Innhaldet i spesialundervisninga er ikkje godt tilpassa elevane sine føresetnader.

21

21

## Hovudutfordringar …

- Arbeidsform
  - Tendensar til små krav og ettergiving, for liten koherens mellom ulike deler av undervisninga.
- Organisering
  - For mykje segregert spesialundervisning.
- Kompetanse
  - For få har spesialpedagogisk kompetanse
- Samarbeid
  - For lite samarbeid om det spesialpedagogiske tiltaket og om den inkluderande opplæringa
- Grunnlag
  - Individpastologisk forståing (individuell svikt) står for sterkt i høve til den sosialkonstruktivistiske (styrt av omgivnadane).

22

22

## Meld. St. 6 (2019-2020), s 9:

- «Mye har gått riktig vei i barnehager og skoler de siste årene. Vi har likevel store utfordringer å ta tak i.
- Ikke alle barn og elever får den hjelpen de trenger. Mange får hjelp for sent og møtes med for lave forventninger.
- Det betyr at mange barn og elever har en hverdag der de ikke blir sett og forstått, og der de utvikler seg og lærer mindre enn de kunne gjort med et bedre tilrettelagt pedagogisk tilbud. Det er alvorlig.
- Disse barna og elevene kan oppleve at de ikke har det godt og trygt i barnehagen eller på skolen, og at de ikke er en verdifull del av fellesskapet.»

23

23

## Utfordringane

- Kompetanse og samarbeid for å følgje det regelverket som gjeld, og for å oppnå inkluderande praksis.
  - Statped
  - Kommunal administrasjon og rettleiing, private skule og barnehage-eigarar
  - Barnehagen
  - Skulen
  - PPT

24

24

## Dei mest sentrale omgrepa i stortingsmeldinga (Meld. St. 6):

- Barns beste
- Tett på.
- Tidlig innsats.
- Tilpassa opplæring.
- Støttesystemet.
- Laget rundt barnet (samarbeid)
- Inkluderande læringsmiljø.

25

25

## Eit inkluderande læringsmiljø føreset:

- Barns beste
- Tett på
- Tidleg innsats
- Tilpassa opplæring
- Samarbeid i laget rundt barnet
- Eit godt støttesystem

26

26

## Barns beste

- Formulert i grunnlova § 104.
- Skal sikre at omsynet til barna skal vere med og leggast vekt på i spørsmål som gjeld dei.
- Kva som er barns beste vil variere avhengig av individ og situasjon, og å avgjere dette kan krevje inngåande og kompetente vurderingar for kvart enkelt individ.

27

27

## Tett på (Meld. St. 6)

- Ansatte med høy kompetanse må jobbe tett på barna og elevene slik at de raskt kan fange opp behov og tilrettelegge tilbudet på en god måte.
- Det er viktig at de som arbeider tett på barna og elevene, har kunnskap om hvordan mangfold kan brukes som en ressurs, og om hvordan de kan støtte, styrke og følge opp barn og unge ut fra deres individuelle forutsetninger. (s. 13).
- … PP-tjenesten kan bidra til bedre inkluderende pedagogisk praksis, til at barn og elever ikke unødig tas ut av felleskapet og til at innholdet i sakkyndige vurderinger ikke blir unødvendig omfattende (s. 60)

28

28

## PPT (Meld. St. 6 (2019-2020), s 57)

- Regjeringen vil at PP-tjenesten skal være mer til stede i barnehager og skoler og arbeide forebyggende og med tidlig innsats.
- Ved at PP-tjenesten arbeider tett på barna og elevene, vil den kunne utarbeide gode sakkyndige vurderinger og bidra til å tilrettelegge for enkeltbarn og -elever i praksis.
- Det vil også kunne styrke barnehagenes og skolenes evne til å tilpasse det ordinære tilbudet til mangfoldet av barn og elever.
- Det kan føre til at flere får tidligere hjelp, og til at det blir færre henvisninger. Det totale behovet for sakkyndige vurderinger kan dermed gå ned.

29

29

## Visual teaching and learning – John Hattie 2009

- Har som premiss at læraren og læraren sine handlingar er dei mest avgjerande for elevane si læring.
- Tett på:
  - Lærarane skaffar seg innsikt i korleis dei ulike barna og elevane fungerer, for å kunne gje dei ei vel tilpassa opplæring.
  - Dei ser barna og elevane si læring og utfordringar gjennom deira auge, og legge opp opplæringa ut frå korleis aktørane sjølve opplever utfordringane, og ikkje ut frå kva læraren på eit anna grunnlag har tru på kan fungere.

30

30

## Visual teaching - II

- Dei beste lærarane er tett på i opplæringa:
  - tek aktivt del i barna/elevane si læring,
  - forventar høg innsats og gode prestasjonar.
  - er engasjerte i aktivitetane og faga sine og i verksemda/undervisninga
  - har gode relasjonar til barn og elevar,
  - er proaktive, gode leiarar, er tydlege om mål og suksesskriteria og tilbakemeldingane er klare og framoverretta.

31

31

## Tidleg innsats

- Å arbeide førebyggande.
  - Krev innsikt i forsking og erfaring om kvar utfordringane er i opplæringa personleg, sosialt og fagleg.
  - Kva tyder det at feiltypane i norsk og matematikk er dei same både hjå dei som får spesialundervisning og dei som ikkje får spesialundervisning?
- Å reagere når ein oppdagar behov for tiltak.
  - Det kan være av avgjørende betydning for elevens utvikling at tiltak settes inn så raskt som mulig når utfordringene oppdages (Læreplanverket, Overordna del)
  - Adhocracy (ad hoc-krati): handling innanfor eit formelt system med strukturar som lett kan endrast for å høve til den utfordringa ein står over for.
  - Adhocracy føreset at dei profesjonelle arbeider fleksibelt, teambasert og i prosjekt.
- Innsatsen kjem for tidleg?
  - Kan tidleg innsats vere til skade?

32

32

## Tidleg innsats

### Barnehagen

- Formålet med spesialpedagogisk hjelp er å gi barn tidlig hjelp og støtte i utvikling og læring … . (§31, 2. ledd)
- For enkelte barn kan tidleg innsats innebere at personalet arbeider særleg målretta og systematisk – i kortare eller lengre periodar – med å inkludere barnet i meiningsfulle fellesskap (Rammeplan 2017,s 40).

### Skulen

- På 1. til 4. årstrinn skal skolen sørgje for at elevar som står i fare for å bli hengande etter i lesing, skriving eller rekning, raskt får eigna intensiv opplæring slik at forventa progresjon blir nådd. Om omsynet til eleven sitt beste talar for det, kan den intensive opplæringa i ein kort periode givast som eineundervisning. (§ 1-4.)

33

33

## Tidleg innsats og lesevanskar

- Om ein elev får tilrettelagt hjelp med lesevanskar allereie i 1.–3. klasse, kan om lag 80 prosent av dei overvinne vanskane.
- Kjem hjelpa seinare, på trinn 3-5, vil om lag 50 prosent få det same positive utbyttet av tiltaka.
- Etter 5. trinn vil berre om lag 10–15 prosent av elevane få den same effekten av tiltaket.

Kjelde: Høien, T. og Lundberg, I. (2012). *Dysleksi. Fra teori til praksis* (5. utg.). Oslo: Gyldendal Akademisk, s. 249.

34

34

## Tilpassa opplæring

- Barnehagelova § 2:
  - Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.
- Rammeplan for barnehagen 2017:
  - Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa.
- Opplæringslova § 1-3:
  - Opplæringa skal tilpassast evnene og føresetnadene hjå den enkelte eleven, lærlingen, praksisbrevkandidaten og lærekandidaten.
- Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020:
  - Tilpasset opplæring gjelder alle elever, og skal i størst mulig grad skje gjennom variasjon og tilpasninger til mangfoldet i elevgruppen innenfor fellesskapet.

35

35

## Støttesystemet




Figur 7.1 Innsats rettet mot tre nivåer av behov

36

36

## Laget rundt barnet

- Vi vil bygge et lag rundt barna og elevene som blant annet inkluderer lærere, spesialpedagogiske ressurser, pedagogisk-psykologisk tjeneste (PP-tjenesten) og helsestasjons- og skolehelsetjenesten. Regjeringen vil også styrke samarbeidet mellom foreldre, barnehage, skole, skolefritidsordning (SFO) og andre offentlige tjenester. (Meld. St. 6 (2019-2020), s. 78).

37

37

David Mitchell (2014):

Inkluderande opplæring=V+P+5T-ar+S+R+L

V Visjon + P Plassering + 5T-ar Tilpassa innhald, Tilpassa vurdering, Tilpassa undervisning, Tilpassa anerkjenning, Tilpassa tilgang +

S Støtte + R Ressursar + L Leiing

38

**Oppna jämförelser, grundskola år 9 våterminen 2007 – 2010, Essunga kommun**

| | Uppnått målen i alla ämnen, andel elever | | Behörighet till gymnasieskolan, andel elever | |
|---|---|---|---|---|
| | Procent | Rangordning | Procent | Rangordning |
| 2007 | 62,8 | 287 | 76,9 | 289 |
| 2008 | 78,1 | 120 | 91,4 | 90 |
| 2009 | 80,6 | 99 | 93,1 | 67 |
| 2010 | 96,3 | 3 | 100,0 | 1 |

*Kilde: Bengt Persson, Högskolan i Borås*

39

39

## Tiltaka i Essunga

- Data om situasjonen er utgangspunktet.
- Semje om behovet og retninga for endring mellom alle impliserte (informasjon, forankring, politisk og organisatorisk utviklingsarbeid).
- Semje om å samarbeide om å skape den nye skulen (utviklingsarbeid på alle plan).
- Ta bort/legge ned alle smågruppene, men opne for adhoc-behov (organisatorisk, juridisk og pedagogisk utviklingsarbeid).
- Flytte lærarar frå smågruppene til klassene (ressursoverføring, organisatorisk utviklingsarbeid).
- Arbeide med elev-elevrelasjonar og lærar-elevrelasjonar (pedagogisk utviklingsarbeid

40

## Tiltaka i Essunga -II

- Drøfte og utvikle kva slags former for undervisning som fungerer best for elevane (organisatorisk og pedagogisk utviklingsarbeid).
- Utvikle tilpassa opplæring i lærarfellesskapen (pedagogisk utviklingsarbeid).
- Drøfte og utvikle ei god spesialundervisning innanfor ramma av klassen (pedagogisk og spesialpedagogisk utviklingsarbeid).
- Utvikle fleirlærarsystemet (pedagogisk utviklingsarbeid).
- Utvikle samarbeidet med foreldra (pedagogisk og organisatorisk utvikingsarbeid).

41